

Svært vellukka fritidsmesse.

16.09.2017



Kjell Borge Olsen var strålende fornøgd då han fekk skikkeleg turlags-kaffi av Solveig Haugland

Det var god spennvidde i aktivitetstilbodet som vart presentert under fritidsmessa som vart arrangert i og rundt Kvinnherad kultursenter på laurdag. Totalt var det rundt 30 standar, og i det nydelege veret var mange av desse utandørs. Sjølv om vi ikkje registrerte reine Uskedalslag der, var ein god del uskedelingar aktive på standane. Klatregruppa har også Uskedalen som sentrum for aktiviteten sin.



Elena Jensen Eide og mora Linda Jensen var på stand for Kvinnherad Travlag

Mange ulike lag og organisasjoner valde å presentera aktivitetane sine for det store publikummet, og mange hadde lagt ned mykje godt og kreativt arbeid med standane for å gjera tilboda sine attraktive. Imponerande var innsatsen som var lagt ned! Messa viste til fulle at vi har eit godt og svært variert aktivitetstilbod her i kommunen. Her var alt frå myntklubb til MC-klubb på plass. Turlaget hadde ein flott stand der dei på turlags vis baud på både kaffi og pinnebrød. Her kunne ein også ballansera på line medan badmintonklubben inviterte til spel like ved. Røde Kors var på plass like ved sida av biblioteket som marknadsførte sine tilbod, og rett bortanfor var kristne organisasjoner på plass. Til og med Ola-bilar kunne ein få prøvekjøra.

For handball-interesserte var både ball og mål på plass så her var det berre å satsa. Ikke langt frå var både senioruniversitet og travklubb klar til å fortelja kva kjekt dei hadde å tilby. Ja, her var alt frå strikking til tumbling og bogeskyting. Publikum kunne også stemma på det dei meinte var beste stand. Ordføraren kungjorde vinneren ved slutten av messa. I år som i fjor vart vinnerane symjegruppa i IL Trio, og dei fekk 5000,- kroner i premie frå Kvinnherad kommune. To av dei som hadde stemt på vinnerane vart også premiert. Det var Hava Eldi og Rana Albitar, begge frå Husnes.



Strykeorkester 3 spelte nydeleg.



I kinosalen showa Trio Tunell

Messa varte opp mot 4 timer, og utover dagen vart den krydra med flotte musikkinnslag. Her var både marimbaorkester og strykeorkester frå kulturskulen. Flotte innslag! Nydeleg samspel av begge orkestera. I strykeorkester 3, som er dei strykeelevarne som er komne lengst i kulturskulen, var det også to uskedelingar med. Det var Saima Kristine Lomheim Døssland og Nikolai Vågen. Veldig kjekt å høyra elevar som er komne så langt på desse krevjande instrumenta.

Midt i messa var det tid for Knutsen & Ludvigsen - konsert med dyktige Trio Tunell i kinosalen. 300 nytta seg av dette gratistilbodet, og musikarane hadde god-kontakten med publikum før første tone. Særleg den yngre garde gav god respons, og når det vart oppfordra til å syngja med, var det full rulle! Tydeleg at musikken til Knutsen & Ludvigsen framleis er like populær. Eg må leggja til at musikarane var særdeles dyktige til å kommunisera med publikum.

Kjøkkenet på kulturhuset sytte for både mat og drikke, og med det flotte haustveret kan fritidsmessa i år med rette kalla ein fest!



Utflytt uskedeling Per Døssland(Risør) får informasjon om Senioruniversitetet av Kjell Borge Olsen, Jorunn Vevle og Sigmund Spjelkavik.



To barnehagevenninner frå Uskedalen som kosar seg på fanget til Mona Enes i finveret.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.